Bergen, 1.mars 2022

Til finansminister Trygve Slagsvold Vedum

(Sendt inn digitalt)

Kopi:
Leder i Stortingets finanskomite, Eigil Knutsen
Leder i Stortingets næringskomite, Willfred Nordlund
Olje- og energidepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet

Ope brev til finansminister Trygve Slagsvold Vedum: Næringslivet treng kompensasjon for høge straumprisar

Det er krise hos mange bedrifter på Vestlandet som følgje av dei høge straumprisane. Alt frå reiseliv til industri, oppstartsselskap, etablerte aktørar, små og store bedrifter har i desse dagar utfordringar med å tene pengar på produkta og tenestene som følgje av den uventa, høge straumprisen som trefte delar av landet i fjor haust.

Bedriftene som er hardast råka er usikre på om dei kan forsvara vidare drift. Særleg bedrifter som har hatt redusert omsetnad som følgje av korona, og dei som har opplevd store prishopp på råvarer, har i mange tilfelle brukt opp reservane sine før straumprisane gjekk i taket. I tillegg sit mange små og mellomstore verksemder med energikrevjande produksjon og tek ein stor del av støyten. Dei er ofte lokaleigde og mindre kapitalsterke, men vert no sett til å gje maksimal inntening til stat, fylke og kommune medan dei kjempar for å tene pengar.

Stabile og føreseielege rammevilkår er eitt av dei store konkurransefortrinna til næringslivet i Noreg. Dette har vore med å sikra lønnsemd i bedriftene, slik at bedriftene har kunna utvikle seg etter kvart som endringar har funne stad. No har straumsituasjonen blitt så krevjande at fleire bedrifter brukar omstillingskapitalen til å betale straumrekninga.

Det er særleg urovekkjande at bedriftene no får mindre pengar til innovasjon og utvikling. Me er inne i ei energiomstillingstid, og skal norsk næringsliv henge med, må bedriftene ha kapital til å drive nyskaping og innovasjon. Då blir det heilt feil at dei som til dømes skal vere med å utvikle morgondagens energiløysingar skal haldast igjen av høge straumprisar i dag.

Skal me lukkast med å byggje dei verdikjedane og skape dei forretningsmoglegheitene som er skissert opp i prosjektet Grøn Region Vestland, må det snarast innførast tiltak som lettar på straumkostandane. Me ber regjeringa sjå til at vi får på plass ei kompensasjonsordning for høge straumprisar til næringslivet ved å til dømes:

- Gje mellombels krisestøtte til bedrifter i samsvar med EU sine statsstøtteregler.
- Gje ein reduksjon i skattar og avgifter på energi til alle sluttbrukarar.
- Leggje til rette for at små og mellomstore bedrifter kan inngå langsiktige kontraktar om kjøp av fornybar energi (på same måte som store kraftintensive bedrifter), til dømes ved å samle etterspurnaden frå fleire bedrifter i samsvar med konkurransereglane.

Me vonar me blir høyrde, og at ei løysing er på plass snarleg. På denne måten kan me oppretthalde aktiviteten i arbeidslivet vårt, og bruke pengar som no går til straum, til å utvikle bedriftene våre og skape gode og framtidsretta arbeidsplassar.

Beste helsing

Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.